



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Saksbehandlar: Gøsta Hagenlund  
Telefon: 57 64 31 21  
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato 25.6.2012  
Vår referanse 06/4139 - 461.3

Norwegian Sandstone Export as  
Seljestokken  
6723 Svelgen

## Tilsynsaksjon pukkverk 2012. Inspeksjonsrapport – Norwegian Sandstone Export as

### Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: <b>Norwegian Sandstone Export as</b>	Organisasjonsnr.: <b>991 908 722</b> Eigd av: <b>984 313 403</b>
Stad og kommune: <b>Seljestokken, Flora</b>	Kontrolldato: <b>20.6.2012</b>
Postadresse: <b>6723 Svelgen</b>	Løyvedato og internt nr.: <b>10.1.06 / 2012.024.I.FMSF</b>
Risikoklasse: <b>3 (varsel)</b>	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

### Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: <b>Ronny Sørås / 932 07 090 / rsoeraas@fjordstone.no</b>	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: <b>Gøsta Hagenlund</b>
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen **innan 15.9.2012**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass. fylkesmiljøvernsejef

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Anne Sigrid Loftesnes Harjo  
overingeniør

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

**Om kontroll frå ureiningstilsynet**

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Norwegian Sandstone Export as på Seljetokken den 20.6.2012. Kontrollen er gjennomført som lekk i ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot pukkverk, sand- og grustak. Aksjonen er koordinert av Klima- og forureiningsdirektoratet.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiding og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved gjennomgang av nokre overordna dokument om internkontrollen. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvika innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

**Definisjonar:**

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

**Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **15.9.2012**. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøoverket kan ein finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) eller vist til frå [www.klif.no](http://www.klif.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

-----

Verksemda gir inntrykk av å vere vel driven, og internkontroll synest generelt å vere godt ivareteke. Vi vil nytte høvet til å takke for ein fin gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

**Varsel om gebyr for kontroll**

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Informasjonsark om gebyrsystemet vart delt ut på kontrollen. Merk at denne informasjonen gjeld verksemder utan særskild utsleppsløyve.

Norwegian Sandstone Export as er ikkje risikoklassifisert i løyvet, og skal difor plasserast i lågaste sats. For denne kontrollen vil det seie at verksemda berre må betale gebyr etter lågaste sats i § 39-6, kr. 4 500,-. Verksemda får no varsel om plassering i risikoklasse 3.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

### **Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

### **Avvik frå miljøvernregelverket**

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

**Avvik 1.** Sprenging kan skje utanom tida 0700 - 1600

**Avvik frå:** Ureiningsforskrifta § 30-8

#### **Kommentarar:**

Verksemnda opplyste at sprenging kan skje noko etter kl 1600 ved enkelte høve.

Dersom det jamleg er behov for sprenging utanom tida som er regulert i forskrifta, må verksemnda ta opp dette formelt med Fylkesmannen.

**Avvik 2.** Utslipp av suspendert stoff til vatn kan vere høgt, og utslepp til sjø er lite målt

**Avvik frå:** Ureiningsforskrifta § 30-9 punkt b) og § 30-6 ved vasking av massar

#### **Kommentarar:**

Sedimenteringsbasseng er ikkje bygt. Verksemnda har utsleppsløyve utan direkte avgrensing av mengd suspendert stoff til vatn, men løyvet regulerer tekniske krav til sedimentering og opphaldstid. I forskrifta er det sett krav om maks. 50 mg/l faststoff/suspendert stoff til vatn, som gjeld frå 2011. Det kan vere noko tvil om krav i løyvet eller krav i forskrifta er "det strengaste kravet". Vi vil i det vidare halde oss til den nyaste formuleringa, og vil gå ut frå at kravet i forskrifta skulle vere stetta frå 1.1.2011.

Verksemnda har måling av utsleppa i 2011 under test av vasking av produsert masse. Måling tyda på at utsleppet – i alle høve då, var høgt. Det har elles vore lite måling utsleppet.

Verksemnda har under planlegging bygging av sedimenteringsbasseng som dei meiner er tilstrekkeleg til å sikre forskriftskravet. Fylkesmannen vil merke at utsetting av tiltak mot suspendert stoff i avløpsvatnet må takast opp formelt med Fylkesmannen som eigen sak.

Ei ev. vurdering av konsentrasjonsgrensa seinare, vil bygge på grunnlag av tekniske og økonomiske tilhøve vurdert mot dokumentasjon på miljøtilstand ved utsleppspunktet/a.

**Avvik 3:** Farleg avfall vert ikkje handtert i samsvar med krav.

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta, §§ 11-5 og 11-8, jf. internkontrollforskrifta § 5

Verksemnda leverer nokre farlege avfallstypar fleire gonger årleg. Andre typar vert levert meir sjeldan, og nokre typar vert ikkje teke godt nok hand om. Verksemnda får levert farleg avfall utan at deklarasjonsskjema er rett utfyllt.

Verksemd av denne typen vil ha fleire ulike farleg avfallstypar. Døme er spillolje (både refunderbar og ikkje-refunderbar), kjøle-/frostvæske-restar, oljeureina masse, batteri, lysrøyr og sparepærar (inneheld m.a. ofte kvikksølv), sprayboksar (NB! "tomme" boksar er eigen farleg avfallstype), asbest, impregnert tre, m.m. Det er brot på leveringsplikta når alle farleg avfallstypar (over 1 kg i mengd) ikkje vert levert årleg til godkjent mottakar.

Verksemnda skal berre levere/få henta farleg avfall frå aktør med løyve frå Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet. Aktørar med løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal informere om deklarasjonsplikta og kan gje nærare råd om korleis de skal sortere ut, lagre, emballere og merke dykkar farlege avfall. De kan også be om å få denne informasjonen skriftleg, og ha ein nærare gjennomgang saman med aktør om kva for typar farleg avfall som må handterast ved dykkar verksemd. Deklarasjonsskjema pliktar de å ha tilgjengelege. Utfylte deklarasjonar skal takast vare på for kontroll.

Til orientering nemner vi dei sentrale krava til handtering av eige, farleg avfall. De vil finne nærare omtale på [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) og [www.nffa.no](http://www.nffa.no). Regelverket kan de finne på [www.lovdatabase.no](http://www.lovdatabase.no) eller via [www.klif.no](http://www.klif.no).

- "Forsvarleg handtering" vil seie innelåst, eller under tak og stengt område.
- Emballasjen må vere sterk nok til å tole all vanleg handtering og transport, og kvar avfallstype skal vere lagra for seg og vere tydeleg merkt med type innhald.
- De er ansvarleg for å fylle ut det godkjente deklarasjonsskjemaet – men kan få nødvendig hjelp frå dei som har lov å ta imot avfallet. Skjema får de hos dykkar avfallsmottakar eller frå Norsas. Deklarasjonsnummeret skal førast på emballasjen seinast når de leverer avfallet.
- For dei farleg avfallstypane som oppstår der de har driftsavtale med andre, held det å vise til skriftleg avtale og det vert den som yter teneste til dykk som må deklarerer avfallet som sitt eige.

### **Andre forhold /kommentarar:**

#### Tilhøvet til utsleppsløyvet

Fylkesmannen vurderer at verksemnda fortsatt har behov for eige utsleppsløyve.

Verksemnda har leigd inn ekstern konsulent for vurdering av ev. endring av driftstider. Fylkesmannen finn det påfallande at vi ikkje er orientert eller involvert i denne prosessen tidedagare. Driftstider er i dag regulert gjennom spesifikt vilkår i utsleppsløyvet. Dersom verksemnda ønskjer å endre vilkår 1.3 i utsleppsløyvet, ventar vi ein formell søknad frå verksemnda.

Etter 1.1.2011 er sprenging utanom tidsrommet 0700 – 1600 ikkje lenger lovleg. Dersom verksemnda har behov for andre sprengingstider, må dette takast opp i formell søknad til Fylkesmannen om endring av vilkår i løyvet.

Vi tilrår at verksemnda går gjennom gjeldande krav i utsleppsløyvet og dei nye forskriftskrava. Dersom det er andre endringar i vilkåra/forskrifta ber vi om at dette vert teke opp med Fylkesmannen så snart som råd.

Varsel om krav om resipientgransking

Verksemda har utslepp av støv (finpartikla stein) til sjø. Med heimel i § 51 i ureiningslova, jf. vilkår 2.2 i utsleppsløyvet datert 10.1.2006 varslar vi at verksemda må få gjennomført gransking av omfanget av verksemda si påverknad i sjøresipienten.

Vi tilrår at verksemda tar kontakt med uavhengig ekspertorgan, som kan kome med framlegg om omfang av gransking.

Dokumentasjon på internkontroll for ytre miljø

Verksemda kunne legge fram god dokumentasjon på mange av kravformuleringane i § 5 i internkontrollforskrifta. Særleg positivt var dokumentasjonen på omsyna til ytre miljø.

Verksemda sine eigne standardar er på fleire område høgare enn minstekrava i forskriftskrava til verksemda, og viser at verksemda arbeider med ytre miljø krav med god ambisjonar.

Fylkesmannen gav nokre råd vidare om oppbygging og omfang av internkontrolldokumentasjon for det ytre miljøet, og vil vise til at dette kan vere tema for seinare kontroll.